

FOLKEHØGSKOLERÅDET

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Folkehøgskolane
Folkehøgskoleorganisasjonane
Folkehøgskoleblada

J.nr.165/09/Rundskriv

Oslo 7.10.2009
FHSR-rundskriv 18/09

OPPHALDSPENGAR SKOLEÅRET 2010/2011

Vedlagt følgjer vurderingar Økonomiutvalet har gjort for Folkehøgskolerådet med omsyn til prisutviklinga siste året i høve til utgifter for kost og losji. Folkehøgskolerådet sender ikkje ut ei tilråding om minsteprisar, men ei oversikt over prisutviklinga, dette av omsyn til dialog med konkurransetilsynet.

Folkehøgskolerådet vil også gjere merksam på at nokre elevar som ber om spesiell diett har utvida økonomisk støtte av denne grunn.

Med helsing for Folkehøgskolerådet

Lars Sigve Meling /s/
-leiar-

Odd Arild Netland /s/
-sekretær-

Til folkehøgskolane

Opphaldspengar skuleåret 2010-11

Økonomiutvalet har vurdert prisutviklinga i samfunnet siste året i høve til utgifter for kost og husrom. Konsumprisindeksen har auka med 2,2% frå 15. juli 2008 til 15. juli 2009. Utvalet meiner det vil vera fullt forsvarleg å auka prisane med 3,3 % for 2010-11. Ein tar då med ein ekstra auke i lønskostnader (som i perioden var ca 4 %) Utgangspunktet er at lønn utgjer 60% og varedel 40% av opphaldspengane.

	Skular som 2009-10 nytta:	Endra utgifter for 2010-11:
Kost og husrom	47 300	48 900
Innmeldingspengar	1 180	1 220
Elevar som bur utanom internat	6 450	6 670
Utleige, døgerpris, vanlege kurs:	437	451
Utleige, døgerpris, enklare kurs *:	265	274
Gjestepris: **	71	73
Råkostpris: ***	46	48

Alle prisar er utan mva.

	Innmeldings- pengar	Kost og husrom Dobbelstrom	Tillegg for enkelstrom
Gjennomsnittspris 2009-10	1 362,00	54 586,00	4 630,00
Gjennomsnittspris 2008-09	1 213,00	49 939,00	4 480,00
Gjennomsnittspris 2007-08	1 151,00	48 376,00	4 046,00
Gjennomsnittspris 2006-07	1 108,00	46 083,00	
Gjennomsnittspris 2005-06	1 072,00	44 305,00	3 726,00
Gjennomsnittspris 2004-05	1 045,00	42 998,00	

* Utleige, enklare kurs: Denne prisen forutset overnatting på rom der kursdeltakarane sjølv gjer reint, ryddar rommet, eventuelt overnatting på sal; eige sengetøy, hjelpe til i matsal, servering og rydding.

** Gjestepris per elev/døger ved innkvartering ved andre folkehøgskular

*** Råkostpris: Sats for refusjon av kostpengar til eigne internatelevar ved turar etc. per døger.

Gjeld elevar, elevgrupper og skular som må/vil nytta andre skular som innkvartering i samband med prosjekt, ved gjennomreise eller anna opphald som blir avtalt på førehand dersom skulane har slik kapasitet.